

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 24.april 2024 Kl. <u>17.00 – 19.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Jørgen Knudsen

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Runar Isdahl (2.vara) og Åslaug L. Nag (4.vara)
Forfall: Kirsti Angvik Frugård, Dag Kjetil Læg Reid (1. vara), Brynhild M. Stautland (sakshandsamar)

SAKLISTE

2024/30- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2024/31- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent, men obs på datofeil i referatet (står 21.februar).

2024/32- 330 Trusopplæring i soknet

Fleire tilsette innanfor trusopplæringa deltek i møtet og gir ei orientering om arbeidet i soknet. Soknerådet ønskjer særleg å høyre om moglegheiter og utfordringar i arbeidet, og korleis soknerådet kan bidra til ei god trusopplæring i soknet.

Aktuelle tema for samtalen:

- Generelt om aktivitetane, både kontinuerlege og einskild-tiltak
- Frivillige innanfor trusopplæringa
- Planar framover i lys av endringar i staben

Moment frå møtet:

Einingsleiar Ingvild B. Almås gav ei fyldig orientering om dei ulike tiltaka innan trusopplæring. Medarbeidarane Solveig Høyland og Solbjørg Angeltveit var og med. Notat utdelt i møtet. Ingvild peika særleg på utfordringar med behov for fleire frivillige medarbeidarar samt vakante stillingar frå hausten som utfordringar for arbeidet framover. Soknerådet gav takk og ros til TOL-gjengen for eit godt arbeid som når ut blant unge i soknet

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande.

2024/33- 023 Satsingar for skuleåret 2024-2025

Presentasjon av eksisterande plan med satsingar for skuleåret 2023 – 2024 i planverktøyet Kyrkja vår – og samtale om aktuelle satsingar for neste skuleår.

Vedtak: Soknerådet drøfta følgjande aktuelle satsingar for komande skuleår:

- Arbeide med å få ned snittalderen i gudstenestene, t.d. gjennom å arbeide med involvering/deltaking og musikkval. (Deltaking særleg for born og konfirmantar. Musikkval med fokus på forstålege og enklare songar.)
 - Framsnakka gudstenesta og arbeidet i kyrkja for å inspirere fleire til å ta del
 - Samarbeid med (lokale) organisasjonar for born og unge
 - Vidareføring av ungdomsklubb (finne frivillige til å drive vidare)
 - Ta ansvar for hjelpesending til Cuba, jf Sak 34.
 - Arbeide med samhandling mellom råd, stab og frivillige medarbeidarar.
 - Rekruttering og oppfølging av frivillige. Skapa eigarskap og tilhøyrslø.
 - Alfakurs og/eller bibelgrupper på tvers av generasjonar
 - Utvida forsongertenesta som er etablert
 - Forbetra kommunikasjon til medlemmene gjennom nettside, infokarusell mm.
 - Gjennomføre kyrkjelydsleir som eit samlande tiltak.
 - Fellesskap og inkludering av den store gruppa unge vaksne (20+) som står utanfor arbeidslivet. Skape møteplassar og legge til rette for inkludering i frivillig teneste.
- Alle medlemmene og utvala bes gå gjennom forslaga og kome med prioriteringar og evt supplerande innspel før soknerådsmøtet 21.mai der satsingar vert drøfta vidare og vedtekne.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2024/34- 362 Hjelpesending til Cuba

Situasjonen på Cuba forverrast stadig når det kjem til dei materielle manglane. Normisjon v/Kjell Ove Hatlem har utfordra Stord sokn på å ta ei aktiv rolle i å få til ei hjelpesending mot slutten av 2024 (sept-des) ved å koordinere mottak, lagring og innsamling av ting som skal sendast. Sjå meir informasjon i vedlegg som også har nokre andre utfordringar til oss. Det var positiv stemning rundt å få til dette på informasjonskvelden for Stord sokn, og John Reidar Granli har sagt seg villig til å vere med i ei gruppe som jobbar for dette.

Forslag til vedtak: Stord sokn ønskjer å få til å ta ansvar for arbeidet med innsamling til containeren og vil aktivt gå i gong med etablere ei arbeidsgruppe som skal leie dette arbeidet. Magne Andresen og Leif Steinar Alfsvåg frå soknerådet tek del i gruppa, og John Reidar Granli har meldt seg. Vi går ut med informasjon og prøver få totalt 5-6 personar og å la gruppa konstituere seg sjølv. Soknerådet legg vekt på at arbeidet med dette skal vere både diakonalt og fellesskapsbyggjande for oss som sokn.

2024/35- 350 Utleige av kyrkja til konsertar med profesjonelle og lokale aktørar

Kyrkjeverje Liv Kari Bru har bedt Stord sokneråd drøfta prinsipp for utleige av kyrkja til profesjonelle aktørar som samarbeider med lokale musikarar / kor, og korleis vi handterer dette ift betaling for leige av kyrkja. Sjå konkret førespurnad i vedlegg.

Saka vart vidare opplyst i møtet med eit saksnotat som bl.a. inneheldt praksis i andre kyrkjer samt synspunkt frå kyrkjemusikar og kyrkjeverje som innspel i saka.

Det vart votert over tre forslag til vedtak:

- A) AU bes ta med dette i arbeidet med retningslinjer for kyrkja som konsertarrangør og å utarbeide eit forslag til ordning som er ein mellomting mellom fast lågpris for lokale aktørar og 15% av billettinntekter for profesjonelle*
- B) Soknerådet avslår førespurnad om gratis leige av kyrkja til denne konserten og viser til vanleg utleigereglar som seier 15% av billettinntektene, i tråd med anbefaling frå kyrkjemusikar og kyrkjeverje.*
- C) Soknerådet legg vekt på dei positive effektane ein slik konsert har for det lokale arbeidet og ber om at vert gjeve unnatak frå utleigereglementet slik at konserten kan gjennomførast med ein leigepreis på kr [0-5000kr]. Overskytande faktiske kostnader som fellesrådet har med konserten utover dette vil soknerådet dekke. Vedtaket forutset at Stord Soul Children mottok 8000kr frå arrangør for deltaking.*

Vedtak:

Soknerådet avslår førespurnad om gratis leige av kyrkja til denne konserten og viser til vanleg utleigereglar som seier 15% av billettinntektene, i tråd med anbefaling frå kyrkjemusikar og kyrkjeverje.

Vedteke med 6 stemmer for alternativ B. (2 stemmer for alternativ A og 1 blank stemme)

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

- ~~1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest~~
- ~~2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut~~
- ~~3. Innspel frå utvala~~
- ~~4. Folk i sentrum 8.-9.juni 2024 (utsett frå førre møte)~~
- ~~5. 17.mai-gudsteneste~~
 - ~~a. Soknerådet har ansvar for kake og kaffe til denne gudstjenesten.~~
- ~~6. Open dåpsdag 7.juni?~~
- ~~7. Kyrkjelydsleir 1.-3.nov på Solgry. Komite?~~